

Tanum menighetsråd 2020

Referat

Møtestad:	Tanum kyrkje
Møtedato:	Onsdag 23.09.2020
Tid:	Kl. 18.00 – 20.30
Sakliste nr:	5/ 2020

Tilstades: Erling Sølvik, Odd Steinar Bjørneby, Marit Elisabeth Kobro, Asle Zimmermann, Ragni Haga, Elisabet Romøren, Berit Moe, Kari Espelid.

Forfall: Sven Marius Utklev Gjeruldsen-Halle, Sissel Erene Tindeland.

Sak 35 / 2020: Godkjenningar

- Utsendt innkalling / sakliste datert 16.09.2020
- Referat frå møtet 26.08.2020. Underskrifter referatet: Berit Moe og Ragni Haga

Vedtak: Innkalling / sakliste og referat godkjennest.

Sak 36 / 2020: Meldingar / referat- og info.-saker

- NMS (15.09.20): Gratulerer med 1 år i nytt menighetsråd !
- Tanum menighetsråd: Sportskapellteneste 20.09.20
- Kyrkjeleg organisering: Kyrkerådets prosjektgrupper arbeider no intenst med å koma med forslag til korleis DNK skal organiserast i høve til rammene i den nye Trus- / livs-synslova (- frist for forslaga er februar 2021)
Masse info. under Kyrkjelig organisering
- Klokkar- og kyrkjevertsamling i Tanum prestegard 15.09.2020
- Oversikt fellesarrangement for Tanum menighet og Tanum KFUK/M ligg på nettet.
- Fleire konfirmasjonsgudstenester pr dag pga smitteverntiltaka enn oppsettet med klokkarar og kyrkjevertar viser
- Gudstenestene julekvelden og 1. juledag. Korleis skal/kan dei gjennomførast?
- Økonomiforvaltning i sokna i Dnk – høyring

Vedtak: Vi tek meldingar, referat- og info.-saker til orientering

Sak 37/2020: MR's bidrag under konfirmasjonsgudstenestene

Av smittevernomsyn blir det tre konfirmasjonsgudstenester laurdagane 17. okt og 24. okt, kl 10.30, 12.00 og 13.30. Det må smittevaskast mellom gudstenestene, kl 11.15 og kl 12.45.

Vedtak: Elisabet gjev klokkarane desse dagane beskjed om at det blir tre gudstenester (ikkje to som i gudstenestelista). Smittevaskarar 17. okt: Berit, Elisabet, Kari.

Smittevaskarar 24. okt: Erling, Greta Karin, Marit(?)

Sak 38/ 2020: Status for MR-arbeidet pr. september -20

Vi gjekk gjennom oppgåvene våre og skaffa oss ein oversikt over kvar vi står, kva som har gått ut, kva har blitt sett på vent, og korleis MR-situasjonen blir framover (jfr årsplan, utvalsområde, smittevernplanar, m.m.). Stikkord: Diakoni, kyrkjekaffe, frivilligliste, samtaler med tilsette og utval, samarbeid Tunheim.

Vedtak: Vi tek gjennomgangen til orientering og aktuelle oppgåver / ansvarsområde blir fylgt opp iht. gjennomgangen.

Sak 39 / 2020: Økonomi, - rekneskapsrapport pr. 31.08.20

Det visest til budsjett 2020, sak 26 / 2020, og 2. tertialrapport datert 31.08.20.

Kasserar oppsummerte MR's økonomiske situasjon.

Vedtak: Vi tek kasserars oppsummering av den økonomiske situasjonen til etterretning.

Sak 40 / 2020: Budsjett 2020 – justering

Det visest til budsjett 2020, sak 08, 26, 31 og 39 / 2020, samt 1. og 2. tertialrapport 2020.

Kasserar orienterte om forslag til justert budsjett for 2020.

Vedtak: Vi vedtek kasserars framlegg til justert budsjett 2020.

Sak 41 / 2020: Utestående konfirmantavgift frå 2019 / 2020-kullet

Vedtak: Saka utsett

Sak 42 / 2020: Smittevernberedskap / planar

Det visest til sak 33 / 2020, planar / rutiner for kyrkjelege handlingar, - spesielle planar for konfirmantabeidet, babysang og Knerten familieklubbsamling.

Ut frå heilskaps-vurderingar (26.08. / praktiske erfaringar) så er planane våre godt innafør rammene DNK har gjeve.

Vedtak: Vi tek dei aktuelle smittevernplanane til etterretning.

Sak 43 / 2020: Lokal grunnordning for hovudgudstenestene - justering

Viser til brev datert 16.06.20 til alle menigheter i Tunsberg om denne prosessen, og sak 31 / 2020. Kyrkjemøtet har bestemt at det skal vera færre valmuligheter enn då gjeldande grunnordning vart innført. Prosessen hos oss blir at dei tilsette i Tanum, Berg, Kjøse og Stavern drøftar samordning av liturgiane. Gudstenesteutvalet får saka til behandling og kjem med forslag til mr. Før mr gjer det endeleg vedtaket skal forslaget leggast fram på eit menighetsmøte/ev årsmøte. Frist: 1. søndag i advent, ev 1. pinsedag 2021. Skal i siste instans godkjennast av prosten (delegert frå biskopen).

Vedtak: Saka oversendest til gudstenesteutvalet.

Sak 44 / 2020: Eventuelt

- Marit Tanum og Jan Hansen sluttar som kyrkjevertar. Nye kyrkjevertar frå 2021: Jørn Holme og Marit Kobro. Vakansane i haust er dekte opp.
- Såmannen nr 2 er under trykking no og vil bli klar for utbering av frivillige i dei aktuelle rodane, sannsynlegvis i neste veke (veke 40/41)